

Utviklingsprogrammet for byregioner – Fase 2: Rapportering pr. 15.02.2016

Fjell – Robuste, bærekraftige sentre i felles bo og arbeidsmarkedsregion

Beskrive eventuelle organisatoriske endringer i forhold til prosjektplanen

Dei største organisatoriske endringane skjedde i overgangen mellom fase 1 og fase 2. Askøy og Bergen (prosjekteigar/-leiar i fase 1) trakk seg då ut, medan kommunane Os og Meland kom inn som nye deltakarar. Fjell kommune står som prosjekteigar i fase 2, og leiar no gjennomføringa av prosjektet. Prosjektleiar vart tilsett 1. oktober 2015. Oppstart av ByR fase 2 vart sett til same dato. Organiseringa har fått ei noko tydelegare form enn den som var skissert i prosjektplanen og ser pr dato

slik ut:

Prosjekteigar: Fjell kommune v/plan og utbyggingssjefen Berit Karin Rystad

Prosjektleiar: Eli Janette Fosso, Fjell kommune

Arbeidsgruppe: prosjektleiar og plan/utbyggingssjefane i dei fire deltakarkommunane.

Utvida arbeidsgruppe: m/prosjektleiar, plan-/utbyggingssjefar og ytterlegare 2 representantar frå kvar av kommunane.

Temagrupper: 1. «Framtidas bumiljø» (leia av Lindås), 2. «gang- og sykkelstiar» (leia av Fjell) og 3. «næringsliv» (leia av Os). Deltakarkommunane har minimum ein person representert i kvar av dei tre temagruppene.

Fagleg referanse-/ressursgruppe: representert v/Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Innovasjon Norge, Husbanken, Universitetet i Bergen v/SpaceLab og Rokkansenteret, Høgskulen i Bergen v/Senter for nyskaping, AsplanViak og Business Region Bergen

Politisk styringsgruppe: Vert teke opp som eiga sak på politikarsamlinga 26. februar 2016.

Evt. presisering av mål for prosjektet

Hovudmålsettinga om tett kommunalt samarbeid (administrativt og politiske) for å skape attraktive og berekraftige regionsentre i ein felles bu og arbeidsmarknadsregion står ved lag. Det same gjeld for innsats-/temaområda «framtidastad/bumiljø» (no definert som «Front kommunar, kva ByR vi på?»), «gang- og sykkelstiar» (No definert som «sykkelglede for kvardagssyklisten») og «arbeidsplassar og framtidastad næringsliv».

Den utvida arbeidsgruppa har gjennomført 2-dagars prosessarbeid for å operasjonalisere definert prosjektmål til aktivitetar og tiltak. Dei tre temagruppene er pr dato i arbeidsprosess. Foreløpige skisser vil vert nytta som grunnlag for seminar/arbeidsmøte med politikarane 26. februar 2016.

Beskrivelse av aktivitetene fram til nå

Grunna dei endringane som skjedde i overgangen mellom fase 1 og 2 (nye deltakarkommunar, organisering og politisk skifte), har hovudaktivitetane frå 1. oktober 2015 vore retta mot prosjektforankring og -organisering, både internt, på tvers og tematisk i deltakarkommunane.

Hovudaktivitetane i dette prosessarbeidet har vore:

24. september 2015: prosjekteigar og prosjektleiar deltok på den nasjonale oppstartsamlinga for ByR-programmet, Oslo.

25. september 2015: deltok på prosjektleiarsamling ByR, Drammen.

3. oktober 2015: Møte med utvida arbeidsgruppe for å bli kjent og avklare forventingar. Heildagsmøte.

10. november 2015: prosjekteigar/-leiar i forankringsmøte med Hordaland fylkeskommune.

8.-9. desember 2015: Utvida arbeidsgruppe i prosessmøte på Herdla m/ekstern prosessleiar.
Hovudaktivitet:

1. Verta kjent med kvarandre og med pågåande arbeid i deltakarkommunane.

2. Workshop for å operasjonalisere prosjektmål til tiltak, aktivitets- og framdriftsplan.

12. januar 2016: Utvida arbeidsgruppe på Bergenskonferansen 2016 m/tema Bergensregionen 2030

–

hvor skal vi bygge, hvor skal vi bo, hvordan skal vi reise?

18. januar 2016: planleggingsmøte i arbeidsgruppa for å førebu politikarsamling 26. februar 2016

19. januar 2016: Arbeidsmøte for temagrappa «framtidens bumiljø/Frontkommunar – kva ByR vi på?»:

skisse til strategiar, tiltak og framdrift.

27. januar 2016: arbeidsgruppa på fellesseminar for kommunar m/regionsenter. Arrangør Hordaland fylkeskommune m/tema regionalplan for attraktive regionsentre i Hordaland.

Desember/januar: Orienteringssak i dei respektive Formannskapa/komité for plan og utbygging m/vedtak om «politisk styringsorgan» og oppfølging i dei fire deltakarkommunane.

1.-2. februar 2016: deltok på nasjonal prosjektleiarsamling, Gardermoen.

2.-3. februar 2016: arbeidsgruppa saman med politikarar frå kommunane, deltok på den nasjonale nettverksamlinga for ByR-programmet. Avsett tid til å arbeide i eige prosjekt vart nytta til avklaring/planlegging av felles politikarsamling 26. februar/Straume.

10. februar 2016: Oppfølgingsmøte/Arbeidsmøte for temagrappa «framtidens bumiljø/Frontkommunar- kva ByR vi på?»: Skisse til strategiar, tiltak og framdrift.

11. februar 2016: Oppfølgingsmøte/Arbeidsmøte for temagrappa «framtidens næringsliv»: Skisse til strategiar, tiltak og framdrift.

Nært føreståande aktivitetar:

18. februar 2016: Oppfølgingsmøte/Arbeidsmøte for temagrappa «sykkelglede for kvardagssyklusen»:

Skisse til strategiar, tiltak og framdrift.

26. februar 2016: Heildags fellessamling m/forankring og arbeidsøkt for utvida arbeidsgruppe, referanse-/ressursgruppa, ordførarar, rådmenn og formannskap i deltakarkommunane. Tema: «Kor står vi, kor går vi» - korleis kan vi samarbeide for å skape attraktive regionsentre for næringsliv og folk?

10. mars 2016: Oppsummering frå politikarsamlinga. Heildagsmøte m/utvida arbeidsgruppe

13 – 16. april 2016. Den utvida arbeidsgruppa deltek på Fylkesmannen i Hordaland sin studietur til København m/tema «Fortetting med kvalitet».

Innan utgangen av september 2016 skal det gjennomførast arbeidsmøter rundt dei tre tema/-innsatsområda i prosjektet. Politikarar og samarbeidsaktørar frå referansegruppa og det sivile samfunn vil verta invitert til temasamlingane.

Vurdering av framdriften i arbeidet i forhold til prosjektplanen

Det har vore stor aktivitet i prosjektet sida oppstart 1. oktober 2015. Grunna organisatoriske endringar og skifte i politisk regime i kommunane frå fase 1 til fase 2, har det vore heilt nødvendig å forankra prosjekt i alle deltakarkommunane på nytt. I dette «reforankringsarbeidet» er vi i god prosess. Det vil likevel vera nødvendig å bruke meir tid på politisk forankring og prosess for å einast om fellesstrategiar og tiltak samt framdrift for heile prosjekt-/ 3-årsperioden. Felles politikarsamling 26. februar, samt 3 planlagde temamøter mai, juni og september 2016, vil vera ledd i dette forankrings- og framdriftsarbeidet.